
Saksnr: 2020/49095-17
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		10.03.2021

Oppgåver for fylkesvalstyret ved stortingsvalet 2021

Forslag til vedtak

- Leiar i fylkesvalsstyret får slikt mynde:
 - gjere kunngjeringar i samband med valet.
 - underrette kandidatar om at dei står på eit listeforslag.
 - forhandla med listestillarane.
 - setja frist for listestillarane til å tinga røystesetlar til eige bruk.
 - fastsetje talet på og tinge røystesetlar.
- Det vert oppretta eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet får slikt mynde:
 - førebu fylkesvalstyret sin kontroll med gjennomføringa av fylkestingsval og stortingsval.
 - ta avgjerd i enkeltsaker og type av saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidde.

Sak om oppnemning av medlem og varamedlem til arbeidsutvalet vert lagt fram for fylkesvalstyret i august.

- Fylkesrådmannen får slikt mynde:
 - mynde til å ta avgjerder ved prøving av røystesetlar i alle saker som er kurante. Fylkesrådmannen kan delegere mynde vidare.
- Fylkesvalstyret vedtek slike fristar:
 - Frist for å søkje fristak frå å stå på liste vert sett til 2. mai.
 - Frist for listestillarane å få lista i orden vert sett til 16. mai.
- Fylkesvalstyret tek elles saka til orientering.

Samandrag

Kvart 4. år vert det heldt stortingsval, neste i inneverande år, og kvart 4. år vert det heldt fylkestingsval, neste i 2023. Stortingsvalet 2021 vert halde måndag 13. september. I denne saka vert det gitt eit oversyn over fylkesvalstyret sine oppgåver og dei fristar som gjeld. Saka inkluderer og forslag til oppretting av arbeidsutval og delegering av mynde til leiar i fylkesvalstyret, arbeidsutvalet og fylkesrådmann.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Oppgåve og ansvar

Stortingsvalet 2021 vert heldt 13. september.

Fylkesvalstyret sine oppgåver ved fylkestingsval og stortingsval er m.a. å godkjenna vallister, trykkja røystesetlar til bruk ved førehandsrøysting og på valdagen, kontrollera førebuing og gjennomføring av valet, og kontrollera oppteljinga. Fylkesvalsstyret har i tillegg ansvar for å fordela mandat, med unntak av utjamningsmandat.

Vallova set ymse fristar i samband med valet:

31. mars	Innlevering av listeforslag innan kl. 12:00, jfr. § 6-1 nr.1
20. april	Tilbakekalling av listeforslag, jfr. § 6-5
1. juni	Godkjenning av listeforslag, jfr. § 6-6 nr.2 Godkjende listeforslag skal kunngjerast, jfr. § 6-7 Godkjende listeforslag skal sendast tillitsvalde for lista, jfr. valforskrifta § 18
10. august	Førehandsrøysting tek til, jfr. § 8-1 nr. 1

Fylkesvalstyret si saksbehandling følgjer reglane i kommunelova.

Generelt om valgjennomføringa

For fylkesvalstyret er valgjennomføringa i stor grad lik mellom stortingsval og fylkestingsval. Ein kan dele arbeidet med valgjennomføringa i tre fasar:

1. Listeforslag - i perioden desember-juni
2. Røystesetlar - i perioden april til august
3. Kontrollteljing og valoppgjjer - i perioden august til oktober

Mykje av oppgåvene som vert gjort er rutinemessige og kurante. Fylkesrådmannen føreslår difor at fylkesvalstyret delegerer noko mynde til fylkesvalstyret sin leiar og fylkesrådmannen, samt at fylkesvalstyret nemnar opp eit arbeidsutval som og får tildelt mynde.

Truslar og tiltak

Særskilt av året er:

- Auka trussel rundt ekstern påverknad av valet
- Smittevernomsyn
- Første år med å handtere to valdistrikt

Fylkesrådmannen har gjennomført ei ROS-analyse av alle dei tre fasane i valet, og tiltak er sett inn der analysen seier det. Valdirektoratet har laga ein sikkerheitsrettleiing med tilrådingar til fylkeskommunane og kommunane. Fylkesrådmannen har i så stor grad som mogleg implementert råda i arbeidet så langt. Det same vert gjort i arbeidet framover. Valdirektoratet publiserer ein smittevernrettleiing i februar/mars. Fylkesrådmannen kjem til å implementere dei aktuelle tiltaka som vert rådd til i denne.

Fylkesrådmannen har skriftleggjort rutinar og prosessar og laga maler for brev, skjema og saker for alle fasar av valgjennomføringa. Dette for å sikre ei god gjennomføring og for å syte for at fylkeskommunen vert mindre sårbar om nøkkelpersonell vert sjuk eller kjem i karantene/isolasjon.

Listeforslag

Innleveringsfristen er 31. mars kl. 12:00. Listeforslaget er innlevert når det er kome inn til fylkeskommunen. Listeforslaget skal ha påført fødselsår i tillegg til føre- og etternamn, og kan ha med opplysning om kandidatane si stilling og/eller bustad. Listeforslag til fylkestingsvalet skal innehalde minimum 7 og maksimum 71 (65 + 6) kandidatar. Listeforslag til stortingsvalet skal ha minimum det talet kandidatar som det skal veljast representantar til stortinget frå fylket. Det er tillate å føre opp inntil seks andre namn i tillegg.

Listeforslaga kan ha slikt tal på kandidatar:

- Valdistriktet Sogn og Fjordane: minimum 4 kandidatar og maksimum 10 kandidatar
- Valdistriktet Hordaland: minimum 16 kandidatar og maksimum 22 kandidatar

Kvart listeforslag skal ha med eit vedlegg med oversikt over fødselsdatoane til kandidatane. Listeforslaget skal vere underskrive av minimum to tillitsvalde dersom partiet fell under forenkla regler, elles må lista ha 500 underskrifter.

Fylkesrådmannen rår til at overskrifta på røystesetlane har same målform som det innleverte listeforslaget. Overskrifta bør vera som ved tidlegare val.

Er listeforslaget oppført med stilling og/eller bustad, skal dei obligatoriske opplysningane kome først og så dei som det berre er naudsynt å ha med om det kan vera fare for forveksling.

Det har vore praksis at listestillarane har levert listeforslaget fysisk. Grunna tilrådingar og krav om heimekontor vil det vere vanskelegare å gjennomføre ved valet i år. Listestillarane vert difor oppmoda om å sende listeforslaga med rekommandert brev. Når forholda ligg til rette for det vil det vere mogleg å levere listeforslaga fysisk.

Fritak frå å stå på liste

Alle kandidatar som står på listeforslaga skal få melding om det, og om moglegheit for å søkje om fritak. Grunnlova § 63 første ledd bokstav c) gir no rett til å verte fritatt frå å stå på ein partiliste ved stortingsval ved å gi skriftleg erklæring. Retten til å utan vilkår krevje seg skriftleg fritatt frå å stå på ein liste gjeld jamfør vallova berre ved fylkestingsval og kommunestyreval. Denne retten gjeld no også for stortingsval i kraft av Grunnlova. Det er venta at endringa vert innlemma i vallova om kort tid.

Det er fylkesvalstyret som skal fastsetje frist for å søkje om fritak. Det er og fylkesvalstyret som skal handsame søknadar om fritak.

Fylkesrådmannen rår til at frist for å søkje om fritak frå å stå på liste vert sett til 2. mai. Då har administrasjonen hatt høve til å registrere og kontrollere kandidatane og sende ut melding om at dei står på liste. Kandidatane har og hatt høve til å kome med ein skriftleg erklæring. Sak om handsaming av søknadar om fritak vert lagt fram for fylkesvalstyret 11. mai.

Godkjenning av listeforslag

Det er fylkesvalstyret som skal fastsetje frist for at listestillarane skal ha listeforslaget i orden.

Fylkesrådmannen rår til at frist for at listestillarane skal ha listeforslaget i orden vert sett til 16. mai.

Fylkesvalstyret må godkjenne listeforslaga innan 1. juni. Fylkesvalstyret har møte 1. juni, og ei sak om godkjenning av listeforslaga vert fremja til det møtet. Erfaring seier at tida frå frist for å levere listeforslag og møte i fylkesvalsstyret med godkjenning av dei same, er kort. Fylkesrådmannen skal gjere sitt beste for at fylkesvalsstyret skal få saka i hende så tidleg som mogleg, men ønskjer å varsle om at saka kan verte ettersendt.

Røystesetlar

Fylkesvalstyret er pålagt å trykkje røystesetlar for alle godkjende vallister i fylket til bruk ved stortingsval og fylkestingsval, jf. § 7-1 (1). Etter valforskrifta § 21 kan parti for eiga rekning bestille så mange røystesetlar dei ønskjer gjennom fylkesvalstyret. Fylkesutvalet vil få ei sak om bestilling av røystesetlar for partia, og eventuell pris for dette. Her kjem røystesetlar til bruk i skulevalet og til fylkesvalstyret til å verte inkludert.

Røystesetlane til fylkesvalstyret vert til dømes brukt om ein kommune har fått feillevering frå trykkeriet og oppdagar det seint. Då får dei røystesetlar frå fylkesvalstyret, som skal halde fram til dei får rett leveranse frå trykkeriet. Eit anna døme er om ein kommune har berekna feil tal på røystesetlar frå eit parti. Desse røystesetlane vert plassert på Hermansverk (Leikanger) og på Sandsli (Bergen).

Valdirektoratet har forhandla fram ei rammeavtale med Andvord Trykkeri AS for trykking og levering av røystesetlar. Fylkesrådmannen kjem til å gjere eit avrop på denne rammeavtala. Frist for å gjere avrop er 1. april.

Førehandsrøystinga tek til 10. august. Kommunane har ansvaret for førehandsrøystinga, slik dei og har ansvar for valtinget. Røystesetlane må vere kommunane i hende før den tid.

Kontrollteljing og valoppgjer

Etter vallova § 10-9 skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av stortingsvalet på grunnlag av det materiellet som vert sendt over frå kommunane.

Mottak og transport av valmateriell frå valstyra i kommunane

Fylkesrådmannen har lagt opp til at kommunane kan levere valmateriell på Hermansverk (Leikanger) og i Strømgaten (Bergen). Valmateriellet som vert levert begge stader vert sjekka og kommunen får ei kvittering. Det valmateriellet som er teke i mot på Hermansverk vert transportert til Strømgaten av valmedarbeidarar frå fylkeskommunen. Fylkesrådmannen legg opp til at mottak av valmateriellet frå valstyra i kommunane skjer tysdag og/eller onsdag etter valdagen.

Kontrollteljing

Kontrollteljinga vil gå føre seg i Kunst- og designhøgskolen i Bergen. Fylkesrådmannen reknar med at kontrollteljinga tek til onsdag og er ferdig fredag eller laurdag etter valdagen.

Røystesetlane vert talde maskinelt (skanna) og overført valsysteemet EVA som tek i vare opplysningane og registrerer det som er naudsynt for å gjere eit valoppgjer. Systemet registrerer endringar på listene. Det vil seie at det vert registrert endringar på nummerrekkefølga på kandidatane, og eventuelle strykingar.

Kontrollteljinga og gjennomgangen av møtebøkene frå valstyra må skje når valoppgjeret er kome inn frå kommunane.

Etter vallova skal kommunane telje røystesetlane 2 gonger, først ei grovteljing (som i større kommunar skjer hos stemmestyra) og ei finteljing (endeleg teljing), deretter skal fylkesvalstyret kontrolltelja røystesetlane frå alle kommunane.

Etter vallova § 10-9 skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet på grunnlag av det materiellet som vert sendt over frå kommunane. Dersom fylkesvalstyret finn feil ved valstyra sine avgjerder om å godkjenna eller vraka røystegjevingar eller røystesetlar, eller feil i oppteljinga, skal feila rettast. Valstyra sine møtebøker må og kontrollerast.

Samarbeid om kontrollteljing

Vestland fylkeskommune har inngått eit samarbeid med Bergen kommune bl.a. når det gjeld oppteljing av røystesetlar. Hordaland fylkeskommune har hatt ei slik avtale for alle vala sidan valet i 2003. I samarbeidsavtala er det Bergen kommune som gjer avrop på ei rammeavtale som departementet har inngått i samband med skannarar, anna utstyr og oppsett av desse.

Bergen kommune stillar med skannarar og alt anna teknisk utstyr, personar til å manne skannarane og til å gjennomføre verifiseringa, lokale og bevertning, samt god rutine og ekspertise. Fylkeskommunen stillar med personell til å styre kontrollteljinga.

Med bakgrunn i vallovutvalet sine forslag til endringar i vallova og valforskrifta (NOU:06 «Frie og hemmelige valg») er det sannsynleg at det ikkje er mogleg å ha ei tilsvarande avtale ved framtidige val. Fylkesrådmannen har difor eit blick på å syte for kompetanseoverføring i denne fasen.

To valdistrikt

I Vestland fylkeskommune er det for stortingsvalet 2021 to valdistrikt: Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkesrådmannen ser ulike scenario for korleis kontrollteljinga skal skje, avhengig av ulike faktorar. Felles for dei alle er at Bergen kommune vert skanna først, då deira røystesetlar står klare allereie.

- Scenario 1: Bergen kommune vert skanna først, så valdistriktet Sogn og Fjordane og så skannar ein ferdig valdistriktet Hordaland.
 - Det er for dette scenarioet ei føresetnad at valmateriellet frå Sogn og Fjordane har kome fram til teljesentralen i Bergen og pakka om når Bergen kommune er ferdig skanna.
- Scenario 2: Bergen kommune vert skanna først, så valdistriktet Hordaland, og så skannar ein valdistriktet Sogn og Fjordane.
- Scenario 3: Bergen kommune vert skanna først, så vert dei to valdistrikta skanna samtidig.

- Då må skannarparken delast i to. Det kan verte meir effektivt, men om det oppstår utfordrande situasjonar kan det auke problemnivået at ein skannar kommunar frå ulike valdistrikt samtidig.

Fylkesrådmannen kjem til å gjere fleire vurderingar angående rekkefølga på valdistrikta i kontrollteljinga, og kjem til å presentere dette for fylkesvalstyret når ein nærmar seg valdagen.

Prøving av røystesettlar

Det er fylkesvalstyret som skal godkjenne forkasting av røystesettlar og røystegjevingar (jmf. vallova § 10-1, 2 og 3), på lik line med resten av valoppgjeret. Systemet som departementet har teke i bruk er lagt opp slik at forkasting av røystesettlar må godkjennast før valoppgjeret kan ta til. Samtidig er det ikkje moglegheit for å gjere endringar på dei forkasta røystesettlane etter at dei er godkjent.

Røystesettlar vert føreslått forkasta jmf. vallova § 10-3 dersom dei:

- Ikkje har offentleg stempel
- Det ikkje er klart kva val røystesetelen gjeld
- Det ikkje er klart kva parti eller gruppe veljaren har stemt på
- Partiet eller gruppa ikkje stillar liste i valdistriktet.

Vilkåra er kumulative, det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylte for at røystesetelen kan godkjennast. Ei oversikt over dei forkasta røystesettlane for kvar kommune kjem fram i valoppgjeret som fylkesvalstyret skal godkjenna. Dei forkasta røystesettlane vert fordelt på kva vilkår som ikkje var oppfylt jamfør vallova § 10-3.

Eit viktig prinsipp bak regelverket for godkjenning av røystesettlar er at færrest moglege forhold bør leie til forkasting. Dette prinsippet bør difor vere retningsgjevande om det er tvil om ei røystesettel skal godkjennast eller forkastast.

Prøving av dei forkasta røystesettlane bør gjerast fortløpande for å få ein effektiv prosess og sjå til at valoppgjeret vert klart så snart som mogleg. For å unngå at valoppgjeret vert utsett vert det rådd til at fylkesrådmannen får delegert mynde til å ta avgjerder ved prøving av røystesettlar i alle sakar som er kurante. Det vil seie alle saker som er klart innanfor dei fire vilkåra over. Dette har vore praksis ved tidlegare val. Erfaring visar at det er få røystesettlar der ein avgjerer ikkje kan takast på bakgrunn av dette.

Kommuneloven § 13-1(6) gir:

«Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.»

Kommuneloven opererer med omgrepa «enkeltsaker og saker som ikke er av prinsipiell betydning». Avgjerder i desse type saker kan delegerast til administrasjonen. Dette omfattar saker som vert prega av lite skjønn, og er avgrensa til røystesettlar som kan godkjennast eller openbart forkastast jamfør vallova § 10-3. Avgjerder som ikkje er kurante skal leggest føre fylkesvalstyret til handsaming.

Valoppgjer

Når kontrollteljing er ferdig kan valoppgjeret ta til.

Det elektroniske valsystemet (EVA) er lagt opp slik at røystesettlane som vert føreslått forkasta må godkjennast fortløpande. Ein kan ikkje gjere eit valoppgjer før ei slik godkjenning er gjort. Når ein har gjort eit valoppgjer, er det ikkje mogleg å gjere endringar på dette utan omfattande prosess hos fylkeskommunen og valdirektoratet.

Valoppgjeret skal publiserast så snart som mogleg, i dei fleste høve betyr det at valoppgjeret vert publisert fredag eller laurdag etter valdagen.

Det er lagt opp til møte i fylkesvalstyret 21. september (torsdag veka etter valdagen). Ei sak om godkjenning av kontrollteljinga og valoppgjeret vert då fremja. På dette tidspunktet har valoppgjeret vore publisert i opptil fire dagar.

Vedtakskompetanse

Av vallova § 4-3 følger:

«I hvert fylke skal det ved stortingsvalg og fylkestingsvalg være et fylkesvalgstyre som velges av fylkestinget selv.»

Fylkesvalstyret sine oppgaver går fram av vallova.

Fylkesvalstyret i Vestland sine medlemmer er personsamanfallande med fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesvalstyret.

Kommunelova § 13-1 (6) opnar for at fylkesvalstyret kan delegere mynde til fylkesrådmannen.

Kommunelova § 5-7 gir fylkesvalstyret heimel til å delegere mynde til leiar av fylkesvalstyret.

Kommunelova § 5-7 gir fylkesvalstyret heimel til å opprette arbeidsutval og delegere mynde.

Vurderingar og verknader

Arbeidsutval

Det er fylkesvalstyret som er ansvarleg for å kontrollere gjennomføringa av stortingsvalet. Med tanke på at publiseringa av valoppgjøret skjer før fylkesvalstyret har møte om godkjenning av valoppgjøret, er det viktig at fylkesvalstyret er informert om kva som skjer under kontrollteljinga, og at fylkesvalstyret har moglegheit til å ta grep om det er naudsynt.

I vallova er desse punkta særskilt nemnt som fylkesvalstyret sitt ansvar å kontrollere:

- Valstyra sine avgjerder om å godkjenne eller vrake røystegjevingar eller røystesetlar
- feil i oppteljinga til valstyra i kommunane

Om fylkesvalstyret finn feil i punkta over skal feila rettast. Fylkesvalstyret er og ansvarleg for å sjekke møtebøkene til valstyra i kommunane.

I forarbeida til den tidlegare vallova finn ein:

«I tillegg må fylkesvalgstyret foreta en ny og samlet opptelling av alle godkjente stemmesedler for alle kommunene i fylket som grunnlag for valgoppgjøret. Kontrollen må gjennomføres før valgoppgjøret tar til.»

Fylkesrådmannen les vallova og forarbeida slik at fylkesvalstyret skal vere til stades under kontrollteljinga.

Då har til dømes fylkesvalstyret moglegheit til å:

- Ta stilling til godkjenning av forkasta røystesetlar, der ein avgjerd ikkje er kurant i samband med vallova § 10-3
- Ta stilling til signifikante avvik, der fylkesrådmannen ikkje finn årsaka til avviket
- Ta stilling til, og vere informert om, andre utfordringar som oppstår. Til dømes var det ved fylkestingsvalet i 2019 utfordringar med at skannarane ikkje leste røystesetlane godt nok. Fylkesvalstyret vart heldt informert via arbeidsutvalet sitt.

Det føreset at fylkesvalstyret er til stades i Kunst- og designhøgskolen i Bergen når møtebøkene frå valstyra skal gjennomgåast og røystesetlane teljast. Det bør leggast opp til at ikkje heile fylkesvalstyret blir bunde opp over fleire dagar.

Fylkesrådmannen rår difor til at fylkesvalstyret vert delt i fire arbeidsutval slik at det er fire medlemmer til stades kvar dag under kontrollteljinga. For at ein skal vera vedtaksfør må det minimum vera tre medlem til stades kvar dag.

Kommunelova § 5-7 opnar for at det kan opprettast arbeidsutval som kan få tildelt avgjerdsmynde. Regelen lyder:

”Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.”

Arbeidsutval som nemnd over bør få fullmakt til å førebu kontrollen med gjennomføringa av stortingsvalet, og å ta stilling til enkeltsaker og spørsmål som kjem opp i samband med kontrollen.

Sak om oppnemning av medlem og varamedlem til arbeidsutvalet vert lagt føre fylkesvalstyret i august.

Fullmakter

For å sikre ein effektiv prosess, og unngå å kalle saman fylkesvalstyret til mange og hastige møter, rår fylkesrådmannen til at fylkesvalsstyret gjer mynde til leiar i fylkesvalstyret, arbeidsutvalet til fylkesvalstyret og fylkesrådmannen.

Økonomi: Ikkje aktuelt.

Klima: Ikkje aktuelt.

Folkehelse: Ikkje aktuelt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje aktuelt.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkesvalstyret gjer slikt vedtak:

1. Leiar i fylkesvalsstyret får slikt mynde:
 - a. gjere kunngjeringar i samband med valet.
 - b. underrette kandidatar om at dei står på eit listeforslag.
 - c. forhandla med listestillarane.
 - d. setja frist for listestillarane til å tinga røystesetlar til eige bruk.
 - e. fastsetje talet på og tinge røystesetlar.
2. Det vert oppretta eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet får slikt mynde:
 - a. førebu fylkesvalstyret sin kontroll med gjennomføringa av fylkestingsval og stortingsval.
 - b. ta avgjerd i enkeltsaker og type av saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidde.

Sak om oppnemning av medlem og varamedlem til arbeidsutvalet vert lagt fram for fylkesvalstyret i august.

3. Fylkesrådmannen får slikt mynde:
 - a. mynde til å ta avgjerder ved prøving av røystesetlar i alle saker som er kurante. Fylkesrådmannen kan delegere mynde vidare.
4. Fylkesvalstyret vedtek slike fristar:
 - a. Frist for å søkje fritak frå å stå på liste vert sett til 2. mai.
 - b. Frist for listestillarane å få lista i orden vert sett til 16. mai.
5. Fylkesvalstyret tek elles saka til orientering.